




LINDÅS KOMMUNE



MELDING FRÅ GJESTEBODA

INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

23. februar 2017

Innhald

Innleiing og metode	3
Temaoversikt	4
Lindåsbygda sitt gjestebod	5
Tore André og Line sitt gjestebod	6
Reidar sitt gjestebod	7
Inger-Marie og Ivar sitt gjestebod	9
Anita sitt gjestebod	12
Aud Marit sitt gjestebod	13
Veronika sitt gjestebod	15
Draumen om Knarvik - arrangement på biblioteket	16

Innleiing og metode

I januar 2017 utfordra Lindås kommune samfunnsengasjerte innbyggjarar til å halde gjestebod. Oppmodinga gjekk først via facebook med overskrifta «Vil du vere vert for eit gjestebod?».

Innbyggjarane blei bedt om å invitere familie, vener, naboar eller andre til å diskutere det dei er opptekne av. Tanken vår var at det kvar enkelt meiner - er viktig for framtida til kommunen. Gjestebod er ein metode for medverknad, som blei utvikla i Svelvik kommune, og som har som mål om å få innspel frå innbyggjarar som kan vere vanskeleg å nå på tradisjonelle måtar, som til dømes folkemøte.

I arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel ønskte vi at det å halde gjestebod skulle bli oppfatta som ein lågterskelaktivitet. Det blei lagt opp til at innbyggjarane sjølve kunne velje kor mange dei ville invitere, i kva form og kva tid som passa best innan ein frist, 12. februar. For å kome i gang blei nokre innbyggjarar spurt om å vere «pilotar». Til saman blei det halde 7 gjestebod.

I tillegg til dei sju gjesteboda, har vi tatt med eit referat frå eit arrangement på biblioteket i Knarvik, "Draumen om Knarvik". Biblioteket ønskte at dette skulle vere ein del av denne rapporten.

Felles for alle innspela er at dei utgjer ein del av denne rapporten, som blir overlevert til formannskapet 23. februar – ilag med alle dei andre rapportane etter medverknadsprosessen. Formannskapet er styringsgruppe for arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel. I mars skal både formannskapet og kommunestyret arbeide med å lage mål og strategiar for ønskja utvikling i kommunen.

Tema i samfunnsdelen

1. Regionsenterutvikling



2. Industri og næring



3. Attraktive nærmiljø



4. Kultur og frivillig arbeid



5. Klima og miljø



6. Livsmeistring og fellesskap



7. Kommunale tenester



8. Samfunnstryggleik og beredskap



1. Lindåsbygda sitt gjestebod

Arena: Allmøte for LivOGLyst-prosjekt

Område: Lindåsbygda

Deltakarar: 34

- Posten tilbake til Lindås senter
- Tannhelseteneste
- Betre busstilbod
- Desentraliserte helsetenester
- Apotek i Lindås (i stadenfor 3 i Knarvik)
- Nattbuss til Lindås
- Ungdomsklubb frå ungdomsskulen
- Ny kommunal barnehage med godt uteområde
- «Brekkeløype» på Lindås/Kolås med hinderløype/aktivitetar
- Tilrettelegge for båtplassar og gjestebryggar, slipp/opptrekk
- Vinmonopol
- Basseng
- Fortau langs hovudveg
- Betre vegskilting

2. Tore André og Line sitt gjestebod

Deltakarar: Ei kvinne og fire menn

Område: Alversund

Alder: Alder: 35-49

- Vi gler oss til kommunesamanslåing og ser fram mot at regionen og den nye storkommunen får ei god organisering, større fagmiljø, heilskaplege planar og tilsette med god kompetanse på det dei gjer. Kan-skje kommunen blir ein meir attraktiv arbeidsplass også?
- Næringslivet i kommunen er for einsidig retta mot oljenæringa. Dampen i Hagellia er eit kjempeflott initiativ. Det skulle vore fleire slike kompetansekyngjer. Vi er sikre på at mange av dei høgt utdanna folka som bur i Lindås og pendlar til byn på jobb, heller kunne tenke seg å ha ein spennande jobb nordom brunæ. Per dags dato er breidda for liten. Kva kan vi gjere for å tilrettelegge for meir av dette? «Kva skal du med ein mastergrad i Lindås; ein får jo ikkje brukt den!» Utdanningsinstitusjonar kan vere ein nøkkel. Gode kompetansmiljø med behov for lærlingplassar/laboratorium kan skapa synergjar for næringslivet – kan Knarvik VGS vidareutviklast i så måte? Skulen er slutt ca kl 15 – kva med å opne skulen sine fasilitetar til bedriftsutvikling/forsking??
- Sjå på Kongsberg og Raufoss – i utgangspunktent små plassar «in the middle of nowhere» har klart å bygge opp verdskjende kompetanse-/forskningsmiljø. Dersom ein ikkje kan tilby gode og attraktive jobbar, fell det meste anna bort.... Det er ein føresetnad for å skape gode oppvekstmiljø, attraktive nærområde og eit levande regionsenter.
- Mongstad er eit høgst usikkert kort for framtida.. om 20-30 år kan det vera historie. Då må vi ha fått fleire bein å stå på.
- Bustadpolitikk – mangfald er viktig – mange bustadtyper på same stad for å få ein breidde i befolkning-samansetninga. Unngå å bygge ut store felt med mange hundre einingar av same type utan at det finst service- og fritidstilbod i nærleiken.
- Gang- og sykkelveggar MÅ prioriterast i/til den nye knarvikbyen! Vi må lære oss å velje vekk bilen til alle småærend. Det er korte avstandar, men til dels vanskeleg topografi. Dette må planleggast godt – la gåande syklende få dei beste og enklaste vegane. Prioriter KYSTSTI Alver-Knarvik– sjå til andre kommunar langs kysten, eks stavanger. Det er ikkje umogeleg, men krev heilhjarta innsats. Både folkehelsa, sosiale treffpunkt, lokalklima, handel og friluftslivet hadde vore tent med ein autostrada for gåande og syklende.
- Idrett – større breidde! Ikkje prioriter fotball i alle endar av kommunen. Sjå heilskap og tenk på dei som ikkje trivst med typiske lagidrettar. Turn og svømming trekker mykje folk som elles ikkje er å finna på idrettsanlegga. Dette må vi kunne tilby i Lindås også.

3. Reidar sitt gjestebod

Deltakarar: Arne Kvamme, Solveig Laumark-Møller og Reidar Konglevoll

Område: Seim, 9. februar 2017

Inn på tunet (IPT) er tilrettelagte og kvalitetssikra velferdstenester på gardsbruk. Tenestene skal gi meistring, utvikling og trivsel. Gardsbruk er ein eigedom som vert brukt til jord-, skog-, eller hagebruk. Aktivitetane i tenestetilbodet er lagt til garden, og knytt opp mot livet og arbeidet der.

Dei viktigaste brukargruppene er:

- barn og unge
- menneske med rusproblem
- innvandrarar
- eldre
- funksjonshemma

I fleire planprosessar dei seinare åra har me prøvd å få Inn på tunet forankra i kommunalt planverk. Likevel har det så langt ikkje lukkast. Det er for oss ei gåte.

Optimistisk grip me no denne nye sjansen og heldt gjestebod me kaffi og noko å bita i, der tema er framtida til kommunen vår .

Me vil knyta IPT opp mot følgjande tema i samfunnsdelen:

B) Industri og næring

For tilbydarane er Inn på tunet næring. Ein bonde driv si eiga verksemd med krav til produktkvalitet, økonomi og KSL (Kvalitetssikring i Landbruket) i samsvar med lovgiving innanfor næringa. Det er ein nasjonal strategi for utvikling innan landbruket å stimulera til at bonden skal utvikla nye og berekraftige produksjonar og tenester ut frå garden sine ressursar og bondens kompetanse. Inn på tunet er etter kvart vorte eit samlebegrep for slike ulike typar tenester, og er med og styrkjer næringsgrunnlaget på gardar.

C) Attraktive nærmiljø

Lindås kommune er både Knarvik og Romarheim . Ein kommune som er god å bu har mangfald. Inn på tunet vil styrkja landbruket som næring og gjennom det vera med og skapa levande bygder og gode bumiljø. Lys i fleire fjøs kan vera ein del av ei positiv bygdeutvikling.

D) Kultur og frivilleg arbeid

Kulturomgrepet er vidt og må femna om lag og organisasjonar som kulturberarar, men også landskap, språk, tradisjonar, handverk og handboren kunnskap. Inn på tunet er lagt til garden, og knytt opp mot livet og arbeidet der og formidlar og vidareutviklar lokal matkultur, historie og tradisjonar.

E) Klima og miljø

Barn og unge i dag vil møta – og må løysa – framtida sine mest alvorlege utfordringar. Det gjeld innan klima, miljø, energi, reint vatn og matproduksjon. Då er det avgjerande at dei har kunnskap og forståing om økologi – og korleis fotosyntesen er grunnlaget for alt liv. Garden er ein unik pedagogisk arena der praktisk og teoretisk arbeid går hand i hand, og representerer derved også eit potensiale for kontekstuell læring. Altså å lære fagstoff i ein naturgitt samanheng, og gjennom aktive læringsprosessar.

F) Livsmeistring og fellesskap

Å forstå dei grunnleggjande behov i livet er basis for ei god helse. Gjennom IPT- tiltak får deltakarane ta del, oppleve å meistra, sjå mening og samanheng. Dette oppnår ein ved å bruka garden og bygda sine ressursar.

G) Kommunale tenester

Me ser at på nasjonalt nivå og i fylket er Inn på tunet eit satsingsområde. Den viktigaste kjøpar av IPT-tenester ,er kommunane. Lindås kommune har i meir enn 20 år hatt samarbeid med enkeltstående Inn på tunet gardar. Inn på tunet har i seg ressursar som er viktige for ein framtidsretta, inkluderande, te- nestevillig og kvalitetsbevisst kommunal tenesteproduksjon. Ein aktiv bruk av Inn på tunet vil ha positiv verknad på samfunns-og næringsutviklinga i heile kommunen .

Oppsummering

Det finst rikeleg med informasjon og dokumentasjon om Inn på tunet . Skal Inn på tunet ha ei framtid i Lindås kommune, kan ein ikkje basera seg på lokale eldsjeler. Me ber difor om at IPT no vert forankra i samfunnsdelen i kommuneplanen, slik at Inn på tunet tenester vert ein del av mangfaldet i kommunen sin verktøykasse. Dei ulike IPT- tiltaka må så konkretiserast i kommunale delplanar.

4. Inger-Marie og Ivar sitt gjestebod

Deltakarar: 10 personar

Område: Eikanger

Regionscenterutvikling/Kommunesenter

La tettstad vera tettsted, la bygd være bygd, styrk Knarvik som kommunesenter og handelssentrum. Dei aller fleste innbyggjarane tykkjer ikkje det er langt til Knarvik, men bompengoordninga er eit alvorleg skot for baugen for dei som må ofte til Knarvik (Jfr. Kulturaktivitetar, innkjøp m.m.).

Eit velutrusta regionalt kulturhus må få topp prioritet i regionsenteret. Kulturlokale i bygdene fungerer som øvingsarenaer, medan kulturhuset i Knarvik vert framføringsarena - «eksamensarena». Utvikle urbane miljø med krav til kvalitet. Jobbe for levande sentrum. Møteplassar. Kulturtilbod. Kanskje det er nok med eitt kommunesenter??

NB: Regionsenteret må få ein balansert vekst, slik at ikkje all folkeauke og økonomivert kanalisert til sentrum.

Industri og næring

Viktig å tilretteleggja og følgja opp for næringsutvikling. Stimulera til nyetableringar. Politisk romslegheit når det gjeld å integrera handel i næringspark. Jf. Nordhordland Næringspark. Etter kvart som handtverk og industri vert «flagga ut», vert spørsmålet: Kva skal vi leva av no? Tenesteyting og service er berre ein liten del av svaret, men treng også kommunal tilrettelegging. Innvandrarbutikkar i rimelege lokale ?? Kolonihagar på nedlagte jordbruksareal ??

Leggja til rette for areal og lokale til samfunnsnyttig tenesteyting.

Attraktive nærmiljø

Bustadareal og befolkningsvekst på bygda gjev verdi!

Bygder treng folk og folk treng bygder. Mangel på bustadareal legg ein stor dempar for positiv utvikling i bygdene. Med nytt bustadareal får ein truleg meir folk, større nettverk, meir robust skule, fleire å spela på, større miljø, mindre sårbart, fleire relasjonar, fleire ressursar, nye impulsar mm.

Vær positiv til strøtomter, og mindre byggjefelt der grunneigarar vil regulere for vekst.

Legg til rette for gode bumiljø og bulyst.

Kultur og frivillig arbeid

Skulen er og vil vera den vesentlegaste kulturfaktoren i bygdene. (Eikanger skule må avklarast.) Byttedag for utstyr - i regi av frivilligsentralen? Kulturavis?

La kultur byggja samhald og identitet. Lag og organisasjonsliv må få bløma.

Arena og lokalitetar for kulturaktivitetar og kulturytringar viktig.

Møteplassar viktig – må takast vare på! Døme: Husmannsplassen, Gamleskulen Nye skapast! Kafe ?

Tenkt omdømmebygging – store arrangement som bidreg til trivsel og moro.

Tenk stort (Kultur og fritid, ikkje nødvendigvis berre idrett)

Nordhordlandsfestivalen??

Skap arenaer for trivsel og bidrag til fysisk aktivitet.

Stø opp om legg til rette for samfunnsnyttig frivillig innsats. Døme: I samarbeid med BOF er det utarbeidd plan for opparbeiding/opprusting av badeplassen/friluftssarealet i Litlevågen på Fyllingsnes. Her kan ein få realisert ei oppjustering som saman med kommunalt tilskot vil utløysa privat innsats og private bidrag.

Trimløyper og skogsstiar er lokale verdiar, opparbeidd privat, som må haldast i hevd. (Her hjå oss: Tursti Baståsen, turstiar Solåsen, Eidsnes-Arivatnet, Lid-Torrvatnet.) Idrettslaga må stimulerast til frivillig innsats.

Klima og miljø

Satsa på EL-bilar. (Fritak frå bompengar stimulerer) Installera ladestasjonar for EL-bilar, t.d. ved bensinstasjon.

Sjølvforsynte boligar m/solcelleenergi, jordvarme? Vindmølle? Stimulere til utnytting av private vassdrag (minikraftverk?)

Skogrydding og vedhogst (linjerydding m.v.)

Livsmestring og fellekap

Satsa på bufelleskap – klyngebygg i bygdene. Eldrebustadar. Leiligheitsbygg (for eldre, studentar, nyetablerte)

Levande bygder etablerer gjerne sosiale tilbod retta mot eldre: t.d. ymse klubbar/foreningar.

Gode relasjonar/kommunikasjon mellom kommune og bygdelag.

Strandpromenade Setja ut kvilebenkar i lokalmiljøet langs turstiar etc.

Å produsera slike benkar kunne vore eit OK sosilalt tiltak for pensjonistar, klubbar m.fl.

Kommunale tenester

Skulen er den viktigaste kommunale institusjon i bygda.

Skulen må vera sentralt plassert. Kommunen må snarast avklara skulesaka – Det er lite tenleg å venta til vegvesenet atter bandlegg store areal som medfører nye rekkefølgekrav og byggeforbod som ikkje vert avklart før det har gått nye 50 år.

Kommunen må krevja av sine tilsette at grunnhaldninga skal vera: KVA KAN VI GJERA FOR DEG? Dei som skal byggja, må få positiv hjelp – ikkje avvising.

God eldreomsorg. Kommunale planar må gi rom for eldrebustader i bygda. Samlokalisering i felles tun. Kommunen må vera framoverlent og innovativ, tørre å være i front, tørre å være ein ja-kommune Vilje og mot til å ta avgjerd (jf r. skulesaka)

Skape gode ambassadørar

Styrke næringsutvikling, dyrk samfunnsentreprenøren

Det må vera enkelt å finna ut kvar ein får hjelp med idear

Etablera fagleg sterk kompetanseining til å veileda gründarar

Lindås må verta best på integrering av innvandrarar

Rekreasjonsområde i nærmiljøet er av stor verdi - folkehelse, friluftsliv, idrett, identitet og attraktivitet

Haldningar og omdømme

Kommunen må ta vare på sine tilsette, slik at det er attraktivt å både bu og jobba i kommunen.

Me lyt vera flinke til å framsnakka og setta pris på kvarandre. Det gjeld både eiga bygd og nabobygdene.

Relasjonsbygging er ofte nøkkelen til all god utvikling.

Samfunnstryggleik og beredskap

Trafikktryggleik

5. Anita sitt gjestebod

Deltakarar: Tre kvinner

Alder: 20-49:

Område: Knarvik

Regionsenterutvikling

- Gjere det attraktivt å busette seg i regionsentra utanfor Knarvik (Lindås, Ostereidet)
- Fortetting
- Kommunale tilbod
- Fritidsaktivitetar

Knarvikregionen

- prioritere utbygging i allereie eksisterande felt/bustadområde (Knarvik sentrum) istadenfor/før ein igangsett utbygging i friluftsområde (Lonane)
- bustadplanlegging som i større grad prioriterer bustader tilpassa barnefamilier
- Gjere det meir attraktiv for barnefamiljar å busette seg i Knarvik
- Prioritere kulturhus/basseng (liknande Os badet)
- Realisere Knarvik planen
- Møteplassar i sentrum der det er naturleg for generasjonar på tvers å møtast med leikeplass, grøntområde, kafear osv.
- Gjere Knarvik bilfritt
- Legge betre til rette for trygge gang og sykkelveggar i sentrum, knytte sammen servicetilbod (privat og offentlig)

Industri og næring

- Utvikling av Knarvik senter som handelssentrum
- Få til betre samarbeid mellom næringsliv og det offentlege for å få fortgang i dei mål som er satt for Knarvik som regionsenter

Kultur og frivillig arbeid

- betre markedsføring av frivillig arbeid, både kva som vert gjort og kva det er behov for å gjere (ta i bruk nye medier i dette arbeidet)

Kommunale tenester

- meir heilhetlig tenestetilbod til barn og unge med behov (betre samarbeid), PPT, helsestasjon

Livsmeistring og fellesskap

- Fokus på å gjere born robuste ift å takle motgang, både i barnehage, skule og på fritidsaktiviteter

Samfunnstryggleik og beredskap

- Legge til rette for trygg uttrykning ambulanse frå helsehuset

6. Aud Marit sitt gjestebod

Område: Kolås på Lindås

Innledningsvis vil vi gratulere dere med tiltaket!

Hvem er så vi?

Vi har vært naboer i bygda Kolås på Lindås siden begynnelsen av 1950-tallet. I vår oppvekst og ungdom var ordet gjestebod synonymt med koking, baking, steiking, vasking og "sjau" i uker før gjestebudet skulle gå av stabelen.

Vi tar det så meget enklere: kaffe og te med noe å bite i. Mange timer har vi brukt både til å mimre om tidligere tider - og - om hvordan vi opplever å være innbyggere i Lindås kommune.

I tenårene fikk vi oppleve forrige kommunesammenslåing. Vi fikk erfare at kommunale kontor, trygdekontor, bibliotek, BNR flyttet til ødemarken i Knarvik. Krangel og skittkasting - saklige og usaklige diskusjoner - av godt voksne, dengang "høgt på strå" personer var god underholdning for oss unge - helt til det fikk konsekvenser for en av oss som fikk arbeidsplassen flyttet fra Lindås til Knarvik. Da var det ikke artig lenger!

Som unge voksne fikk vi oppleve det som på mange måter ble et mareritt for våre foreldre og besteforeldre. Vi kommer fra gårdsbruk på Kolås. - Oljeeventyret som skulle komme til Mongstad fikk bitre konsekvenser for oss! På begynnelsen av 1970-tallet gikk lensmann, ordfører, formannskapssekretær og andre som ivret for fremskritt og rikdom på døra til våre foreldre med alt fra lovtaler om "fremskrittet og fremtiden", via lokking med penger til direkte trusler. Grunneierne hadde ingen rett til å "ødelegge for alle i hele kommunen" - og "uansett hva de sa kom gårdene til å bli ekspropriert" Ledelsen i Rafinor krevde eneboliger i rimelig avstand fra Mongstad. Da var Kolås alternativet. Dyrka mark og mennesker som hadde gårdsbruket som inntekt var ikke "bærekraftig" - byggefelt til oljefolk var det viktigste. Lindås tomtelag (kommunen) "markedsførte" seg med en utsøkt sosial profil. Ganske bittert for bøndene: utmark ble betalt med en krone kvadratmeteren og dyrka mark 5 eller 6 kroner. Etter hvert fikk en vite hva Lindås tomtelag priset de samme kvadratmeterne til - der var ikke mye sosial profil! De eldste som hadde røtter tilbake på gården i generasjoner - og selv hadde slitt for å livnære seg og familien der hele sitt liv, var forståelig både knust og bitter.

På den tiden var vi mest tilskuere til fortvilelsen og forbannelsen! Nå ser vi dette noe mer i perspektiv og ikke minst ironisk - en utvikling hvor Lindås kommune synes å ha "arvet" en arrogant kultur fra Rafinor og Statoil.

Kommunen har vokst - de kommunale byråkratene har utviklet og finslipet en kultur som implisitt og underfundig lever etter prinsippet om at innbyggerne er til for byråkratene ikke som alle fynd- setningene som preger "festtaler", folkemøter, informasjonsmøter, fargerike brosjyrer osv. : at byråkratene er til for den enkelte innbygger!

Nå er det slutt på at de høye kvinner/herrer i kommunen går på døra til de som eier en jordlapp og tigger eller truer... Nå sitter "planleggerne" godt innelåst og fargelegger kartet hvert 4. år. Det har ingen betydning om eiendommen din har vært i familiens eie i hundrevis av år - ingen spør og du vil selge - ingen spør om du vil at kartet over din eiendom skal få en annen farge (kan hende en spesiell gulfarge som tilsier at der må reguleringsplan til!?) - ingen forteller deg noe som helst! Om tilfeldighetene vil det slik - kan det hende - selv om du ikke abonnerer på "rett" lokalavis - at du får vite at det skal være et informasjonsmøte om kommuneplanen - hva er det - hvordan skal jeg vite at min jordlapp er nevnt? - er du

tilfeldigvis frisk nok, tør du gå? - er du av den typen som tør å snakke i en forsamling? osv. osv.
Sier du noe, så får du vite at det alt er lagt ned "sååå" mye arbeid i planen at det kan ikke forsvares - det er rett og slett ikke mulig å gjøre noen endringer! Dette har vi både hørt og erfart!

Vi her kommer aldri til å selge en kvadratcentimeter til kommunen - så aksepter vår eiendomsrett! Respekter vår eiendomsrett! Forvaltningsloven er til for å brukes, så dere må gjerne spørre på forhånd, men aksepter og respekter våre svar!

Ikke glem at det er "vi" - alle innbyggerne i Lindås kommune som faktisk er arbeidsgiver - vi lønner dere og vi har krav på de lovpålagte tjenestene dere skal yte til oss. Vi håper at Radøy og Meland kan bidra til at Lindås kan viske ut noe av "oljearrogansen" sin. Vi håper på en god storkommune hvor innbyggerne er i sentrum - ikke byråkratene!

Denne hilsenen fra oss er ført "i pennen" av meg.

7. Veronika sitt gjestebod

Deltakarar: Tre kvinner og fire menn

Alder: 35-69

Område: Kjeilen

Om metoden: Utrolig kjekt og høyst engasjerende

Samfunnsdel:

Føler at kommunene har vært litt på "hold" i påvente av eventuelt stor kommune. Savner målrettet plan for utviklings strategi innen vedlikehold og utvikling av barnehager/ skoler og eldreboliger.

Nordhordland har vært rammet av nedgangstider i arbeidsmarkede og det har påvirket læreplasser utplasseringsplasser til skole elever, og dette har nok ikke vært rette tiden for store satsinger. Og med dette er det ikke lett for kommunen å bli attraktiv innen industri og næring.

Kultur er utrolig bra, vi i denne lille gruppen er alle overveldet av alle de ulike tilbudene innen kultur som Lindås leverer uke etter uke. Desember er veldig hektisk med mange gode tilbud. Tommel høyt opp!

Gruppen er samlet om ønske om tryggere skoleveier i utkant bygdene. Det er krav til en viss km-lengde før skolebuss tilbudet blir innvilget. Det er og en samlet gruppe som mener dersom skoleveien blir tryggere bør barna gå til skolen og fritidsaktiviteter. Og vi tror og flere folk vil benytte seg av gode tur-/gangveier. Ønsker kommunen tar opp nyvurdering på dette da antall biler per husstand øker for hvert år og veiene blir mer utrygge.

Vi er alle enige at vi har det utrolig godt, det skal og være nemt at denne gruppen jeg har samlet har gode trygge jobber og har det økonomisk godt. Det tror jeg og er en viktig faktor i begrunnelsen for våre svar.

Håper på et langt godt liv dervi som ektefolk kan få bo sammen og få et tilbud og en eldrebolig med hjelp tilgjengelig den dagen behovet kommer.

8. Draumen om Knarvik

I februar 2017 inviterte biblioteket i Knarvik til ein felles samtale om korleis Knarvik bør sjå ut i framtida. Kva tilbod meiner du at eit regionsenter bør ha? Kva møteplassar ønskjer du at Knarvik skal ha i framtida? Desse spørsmåla blei paneldeltakarane og tilhøyrarane utfordra til å tenkje over. I overkant av 40 menneske fann vegen til biblioteket denne kvelden.

Paneldeltakarar:

- Silje Nordal - leiar av ungdomsrådet i Meland
- Jon Askeland - ordførar i Radøy
- Karin Monstad - Knarvikbuarar
- Håvard Giezendanner - Knarvikbuarar
- Ordførar Astrid Aarhus Byrknes samanfatta hovudpunkta i samtalen

Oppsummering av innspel om draumer for framtidas Knarvik frå paneldeltakarar og tilhøyrarar:

- Det er viktig korleis Knarvik blir opplevd
- Liv og folk som trivst er viktig
- Eit sterkt Knarvik sentrum med helsehus og kulturhus er viktig. Dette er tydelege urbanitetsfaktorar
- Knarvik må spele på lag med bygdene (distrikspolitikk)
- Eit romsleg Knarvik
- Møteplassar som er tilgjengeleg og attraktiv for mange
- Eit kulturhus med teater, kino og bibliotek. Må vere ein stad kor lag og organisasjonar kan ha møte
- Friluftsområder må bli tatt vare på
- Knarvik må bli opna opp mot sjøen
- Leggje til rette for besøksgard og kolonihager
- Gåavstand mellom tilboda
- Må bli lett å kome seg til både Knarvik og Bergen med kollektivtransport, gjerne med båt
- Ta bort bakkeparkering med garasjeleg under bakken
- Park
- Lekeplass
- Torg med torgdagar og Bondens marknad
- Cafe og restauranter
- Sats på arkitektur
- Eit mangfaldig kulturliv
- Svømmehall
- Fritidstilbod. Det er behov for ungdomsklubbar i Knarvik
- Knarvik må få bystatus
- Eit sterkt næringsliv
- Viktig å få med unge til å engasjere seg i utviklinga. Ta vare på ungdomen, dei er vår viktigaste ressurs
- Flyktningar må inkluderast
- Trivsel og tryggleik
- Vi har mykje bra i Knarvik i dag
- Grip sjansen til å kome med innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel
- Vi må satse på turisme og leggje til rette for parkering for bobil i Knarvik
- Ta vare på språket og nynorsk skriftmål som identitesmarkør
- Strilekultur er viktig for folk
- E39 må bort frå sentrum
- Vi må ikkje konkurrere med Bergen, då tapar vi
- Vi må framsnakka Knarvik

